

Høyringsuttale frå Pasientomboda i Helse Vest

Pasientomboda viser til tilsendt "Strategi for helseregionen/HELSE2020", og nyttar med dette høvet til å gje ei tilbakemelding.

Vi meiner strateginotatet er eit godt overordna utgangspunkt til å møte morgondagens utfordringar. Vi er samde i at den aller største utfordringa blir å setje strategiane ut i livet slik at måla blir nådd. Vårt utgangspunkt er sjølvsagt det pasientane fortel oss. Når det innleiingsvis blir påpeika at "... ny kunnskap, teknologi og metode (representerer) spennande moglegheiter", så tenkjer vi t.d. på dei som kjem til oss med følgjer som har si årsak i både nye og gamle behandlingstilbod. Alt som er nytt er ikkje nødvendigvis betre – og det aller viktigaste blir i våre auge å sikre at behandlingsstrategiane er kvalitetssikra (les kunnskapsbaserte).

Det er positivt at det er lagt vekt på opplæring i prioritering, og på korleis det som er prioritert skal setjast ut i livet. Pasientomboda meiner at det er på høg tid at det vert gjort, då vi ofte ser at pasientar ikkje får den individuelle vurderinga dei har rett til og dermed heller ikkje blir rett prioritert. Vi meiner difor at tiltak 5.8 ikkje kan utsetjast til 2008.

Strateginotatet legg vekt på at pasientar skal bli informerte, slik også pasientføresegner tilseier, og notatet har difor gitt informasjon og opplæring av pasientar prioritet. Nettopp innstillinga til og forståinga for at dette er vesentleg, kan etter vårt syn bli betre. Det er viktig at helsearbeidaren oppfordrar pasienten til å søkje informasjon, og slik viser at informasjon er viktig for pasienten og at kunnskap aukar sjansen for å bli frisk.

Omboda vil elles leggje vekt på at det er vesentleg at avvikshandtering og kvalitetsutvalg blir tatt i bruk og nytta som dei vesentlege kjeldene til forbetrинг dei er. Både enkeltsaker frå Norsk Pasientskadeerstatning(NPE) og rapportar frå NPE vedrørande saker knytt til det enkelte føretak/spesialitet gir nyttig informasjon til kvalitetsforbetringssarbeidet. Strateginotatet nemner, og legg vekt på brukarperspektivet fleire stader. Det er fint, og vi meiner også at det er fornuftig å måle pasienterfaringar med jamne mellomrom. Vi registrerer med glede at ambisjonsnivået om å forske på pasientlogistikk er lagt høgt. Vi meiner at pasientomboda sine årsmeldingar kan brukast, og oppfordrar difor til at desse vert brukt til liks med brukarutvala sine erfaringar.

Omboda registrerer at teksten i punkt 6.1 at krava til statlege og private tilbod, når det offentlege er bestillar, er ulik. Vi foreslår at dette blir konkretisert dersom det er uttrykk for ein faktisk ulikskap i krav. Det same gjeld dei ulike formuleringane som er brukt i høve private kommersielle jamfør private ideelle helseaktørar. Også her synest det å bli stilt ulike krav utan at dette er konkretisert eller grunngjeve.

Når det gjeld forsking, vil vi understreke at det ikkje er tilstrekkeleg berre å ha merksemdu på den gevinsten ein ser av sentralisering. Det vil også vere vesentleg å forske på kvalitetar ved nærliek til helsetilbod. Vi ser ein fare i å la vere å forske på sistnemnde, og å «gå ut frå» at sentralisering automatisk aukar kvalitet. Det gjer det jo ikkje, og små einingar kan også gi fordelar. Ut frå befolkninga sitt syn på ulikskap, så vil det etter vårt syn vere viktig å få sikker kunnskap også om mindre einingar, og vi trur at dette har potensiale til at befolkninga kan gi aksept for dei avgjerder som blir tatt. Folk flest trur at i dag er pengar det aller viktigaste for dei som prioriterer, i tydinga at føretaka skal spare. Dermed blir den generelle oppfatninga negativ, noko som blir vesentleg å endre. Folk flest/pasientar er svært opptatt av rettferd, og reagerer såleis sterkt på mogeleg forskjellsbehandling. Regionføretaket og dei lokale føretaka sine informasjonsavisar, med faktabasert informasjon om kva sjukehusa gjer på m.m., trur vi er med på å rette opp det negative og er ein strategi som etter vårt syn bør halde fram.

Pasientomboda i Helse Vest, den 22.06.07

Gro Snortheimsmoen Bergfjord

Grethe Brundtland

Ove Mjåtveit